



Sykkeltur Strandafjorden rundt

Tur 20

Sundre/Breie



Strandafjorden

(Foto: Bård Svardal)

Når du syklar vestover vil du etter kvart oppdage Sangenuten på sør-sida av dalen. Dess lenger oppover langs Strandafjorden du kjem, dess tydelegare ser du han. I Sangenuten budde det ein jutul i gamla tid. Dei kalla han Sangemann. Når det tek til å bli tåe på Sangefjellet om våren brukar ein å seie at Sangemann tek til å köyre ut mørk. Det vart også brukt som eit tydeleg teikn på at det no var varmt nok til å ta av seg den lange undebrokji.



(Foto: Bård Svardal)

Strandafjorden er ingen fjord, men det betyr ikkje at den ikkje er lang.

Og han har veg på begge sider av seg, slik at du kan gå og sykle rundt og rundt, om du vil. Vegen på nordsida, rv 7, ber preg av mykje trafikk, men når du er komen rundt og tek fatt på vegen på hi sida finn den ro og den plass du treng.

Det er også mange fine mogelegheiter for ein rask, eller ein seig, dukkert langs denne vegen. Dersom du ynskjer å utvide turen noko meir kan du også sykle skogsvegane som går noko lenger opp i Strandalie, sjå kart.



Fylg Rv 7 vestover, ta av mot badeplassen på venstre side.



God parkering ved badeplassen.



ca 14 km?



Sangenuten og gamle skogsvegar.



Lite stigning. Trafikk langs rv 7.

For meir detaljert kart:
Veståsen/Sangefjell, tur og fritidkart, 1:50 000

